Av dei instrument som har vore i bruk i mi heimbygd Heddal, er det etter det dei eldre folk no kan huske, hardingfela det instrument som har vore nytta til dansemusikk frå fyrst av.

Hardingfeler som er eldre en dei Steintjønndalen har laga er det so vidt eg har røkt etter ikkje er her no. Slike har det vel alt kome tilbod um til utstellinga, vist ikkje kan eg skaffa av dei til utlån.

Det fyrste instrument som var nytta i folkeskulen her, var Salmodikon, den vart bruka frå kring 1880 til 1910, vart då avløyst av orgel. Me har uppvara 3 slike Salmodikonar frå den tid, so kvis det er av interesse for utstellinga, kan dei lånast ut, ved og vende seg til meg då eg er nest formann i skulestyret, og skal solis taka på meg og ordna med det.

Munnharpa var nokso mykje i bruk her, heilt til 1900 Ein sers flink munnharpespelar Olav Johnsen Pålsekås, som døyde 1930 over 80 år gamal, var so god til og spela på munnharpa, at hardingfelespelemann var og lerde slåttar av han.

Munnharparne vart laga av smedar her i bygda, til dæme ein gamal sme som heite Jon Moen som døyde kring 1900 talet.

Vanlig fele eller dusingfele har vore lite i bruk her. ein og annan lærar i folkeskulen har spela litt og rand, elles har det ikkje vore nokso interesse for det instrumentet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1318

Då eg ikkje har meir kjennskap til instrument en det som eg nemnt her, fint eg ag (måtte) lata det vera med svara på spyrjelista elles

Heddal 13/2 1948

Vyrdsamt
Neri Tjønnheim
Arvella g.o.

1318